



Flora kommune
Postboks 13
6901 FLORØ

Saksbehandlar, innvalstelefon
Sigrid Ølmheim, 5764 3152

Fråsegn til revidert plankart til detaljregulering for fritidsbustader på gnr. 37, bnr. 7 på Joneset på Skorpa i Flora kommune

Vi viser til epost 2.4.2019 med oversending av revidert plankart til detaljregulering for fritidsbustader på Joneset.

Bakgrunn

I dialogmøte med Flora kommune og Fylkesmannen 25.2.2019 viste vi til at planforslaget var fremja i konflikt med nasjonale strandsoneinteresser, og vi bad kommunen om å gjere ei ny vurdering av korleis strandsoneinteressene i planområdet skulle ivaretakast.

Strandsone

Ut frå det reviderte plankartet ser vi at dei to fritidsbustadene som var nærast sjø er trekt tilbake frå sjøen. Plankartet viser no ei samanhengande strandsone som ikkje skal byggjast ut nedanfor hyttene, og som no i staden er føreslått regulert til friluftsområde. Vi meiner at dette grepet bidreg til å ivareta dei viktige landskapsverdiane i området og at det då ikkje lenger ligg føre motstrid med statlege interesser som hindrar kommunalt planvedtak.

Andre innspel

Plassering av hyttene er ikkje lenger viste med festepunkt, men som avgrensa areal for fritidsbustader for kvar hytte. Dette meiner vi er eit godt grep som gjer planen føreseieleg og hindrar skadeleg terrengarbeid på arealet som ikkje skal byggjast.

Vi ser det også som positivt at tidlegare felt BFF2 no er vist med LNF-føremål, og at det eksisterande naustet er vist med eige føremål. Området for parkering er også avgrensa og vist med eit passande føremål.

I sjø utanfor felt L er det planlagt småbåtanlegg, men arealet er vist som friluftsføremål i sjø. Vi kan ikkje sjå at friluftsføremålet opnar for småbåtanlegg, og rår til å sette av det arealet som er nødvendig til småbåtanlegg i sjø og vassdrag, sosikode 1587. Eksisterande flytebyggje bør også regulerast til eit passande føremål, medan det resterande området i sjøen kan regulerast til friluftsføremål.



Vi takkar for den gode dialogen så langt og ønskjer lukke til med det vidare planarbeidet.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
avdelingsdirektør

Egil Hauge
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent